

FAU Lye ungdomsskule

Dato: 05.11.2024 klokka 17.30 på personalrommet LUS

Deltakare

8A: Aslaug Neufend – kom etterkvart

8B: Cathrine Johannessen

9A:

9B: Tom Håland

10A: Tone Elin Grønstad - nestleiar/sekretær

10B: Kjetil Horvei – leiar

Forfall: Emil Østborg

Eventuellt

Matpause – elevane får starte å ete 11.35, då har dei 15 minuttar matpause. Det er og mogleg å ta med seg resten av maten ut om dei treng det. Frå 11.50-12.10 er det friminutt/ friminuttaktivitetar.

Lekser – gis i liten grad. Det er forventning om at elevane skal gjera leselekser og førebuing til vurderingar heime. Arbeidar dei godt på skulen skal dei stort sett bli ferdig med oppgåver i fag. Blir dei ikkje ferdig vil ein forventa at dei arbeidar litt heime.

Vurderingssituasjonar – her samarbeider lærarane om å fordele vurderingane. Ta kontakt med kontaktlærar dersom ein opplever at det “hoper seg opp”. Det fins alltid ei løysning eller ei forklaring på ting.

Tilbakemelding på vurderingar – vurderingar kjem på teams til elevane. I forkant av utviklings samtalane kjem det vurdering utan karakter i alle fag på Visma. Her vil faglærarar ofte og skrive inn karakteren på evt. Prøvar/ innleveringar/ presentasjonar dei har hatt så langt i terminen. Meistringsnivå nasjonale prøvar vil og stå her om resultatata er tilgjengelege i forkant av samtalen.

Anmerkingar – me kallar det dokumentasjon. Visma er vårt system for å dokumentere, følge med og varsle (undervegs vurdering) heim om brot på skulereglane og bussreglane. Me er plikta å sende ut varsel (undervegs vurdering) med fare for nedsett i orden og åtfærd dersom

	<p>det er gjentakande brot på reglane. Ved slutten av kvar termin sit alle vaksne på skulen saman for å vurdere dokumentasjonane og utviklingane til elevane i tråd med føringane frå UDIR.</p> <p>På ungdomsskulen skal elevane ha halvårsvurdering i orden og åtferd med karakter.</p> <p>Uteområdet - Time kommune har sett av 3 millionar fordelt på 3 år til oppgradering av Lye ungdomsskule. I år (våren 2025) blir mat og helserommet pussa opp – det gler me oss veldig til. I 2026 og 2027 vil auditoriet og skulegarden få eit ansiktsløft. Kva som blir prioritert først er me litt usikre på endå.</p> <p>Det er kjøpt inn benkar til skulegarden som elevane ønska seg. Dei er flittig i bruk. Det er fleire ungdommar som bruker skulegarden i fritida og i samband med arrangement på Varden og fritidsklubben. Det er trist at det i haust har vorte eit problem med at nokon får herjar og øydelegg benkane og klatrar inn i søppelkonteinarene og kastar ut søppelet.</p> <p>FAU foreslår at dei skal undersøkje moglegheita for å få til natteravnordning på Lye. Det vil vera ein god arena å bli kjent med ungdommen, vera trygge vaksne dei kan ta kontakt med og det kan verka førebyggjande ift rakettoppskyting og hærverk på Lyefjell.</p>
<p>“nye” SU i Time kommune</p>	<p>Føringar frå Time kommune etter innspel frå FAU og skulane:</p> <p>Etter ny opplæringslov var det ikkje nødvendig å organisere medverknad frå elevar, føresette, skule og politikarar i det som før heitte SU. FAU på Lye ungdomsskule meinte likevel at det var ein grei måte å ha eit slikt samarbeid på og spelte det inn til kommunen og politikarane. Det same gjorde FAU ved andre skular. Det er derfor bestemt at det fortsett skal vera SU på skulane. Elevane skal vera representert, FAU v/ leiar og nestleiar, tilsett frå personalet og rektor, samt politikar.</p>
<p>Generell informasjon frå skulen:</p>	<p>NextGen/Blå Kors – Jone Smørdal. Tema blir innafor psykisk helse og rus - einsamheit og utanforskap. Møte blir på Lye skule i aulaen, 19.november klokka 19.00. Det er sendt ut invitasjon på Visma til alle føresette.</p>

<p>Felles foreldremøte/temakveld Lye skulane</p> <p>Skuleskyss</p> <p>Ny betalingsordning i elevkantina</p> <p>Klassetrivsel</p> <p>Nasjonale prøver - førebels resultat</p> <p>Økonomi og vaksenressursar</p>	<p>Fortsatt mykje tull. Mange tiltak er prøvd ut og me jobbar saman med skuleeigar, Vy, Kolumbus og fagforeiningar.</p> <p>Startar opp no i november. Dette er elevbedrift – inntektene dekker utgiftene. Det blir og ein liten kontantkasse om det skulle vera behov. På utprøvingsstadiet.</p> <p>Dei fleste elevane melder at dei trivs. Lite mobbing. Me ser framgang i lesing og rekning på 9. trinn. Kor mykje me har klart å heva elevane samla veit me ikkje endå.</p> <p>Nytt 8. trinn ser ut til å skåra under landsgjennomsnittet i lesing og engelsk. I rekning er det ikkje noko landsgjennomsnitt å samanlikne seg mot før seinare i haust. Resultata er ikkje heilt klare, dette er kun ift førebels resultat.</p> <p>Samla ligg me innafor budsjettet. Me har stillingar i vakanse og litt sjukemeldingar – dette klarer me å handtera internt med litt innleidde lærarstudentar. Det kjem ein lærar tilbake frå permisjon i januar samt at det kjem ein nyttilsett miljørettleiar i januar.</p> <p>Skulen har handla inn skulebøker og overskrider derfor driftsmidlane – pengar er omdisponert frå andre postar slik at me totalt sett ligg innafor budsjettet.</p>
<p>Oppsummering frå skuleturen på 10. Trinn v/ FAU representantane på 10. trinn</p>	<p>Meldes om fin tur. Kjekke elevar, gode vaksne og godt vær. Det var greitt å ta fly i staden for buss, godt hotell med god plassering.</p> <p>Det er vidareformidla erfaringar til årets 9. trinn som er i prosess for å avklara kva tur dei ønskjer.</p>
<p>Vinterballet</p>	<p>Dato: Tek sikte på 31.01.25</p> <p>Komité - heile FAU og evt hjelp frå klassekontaktar/ føresette som FAU tek kontakt med ved behov.</p>
<p>Antal møter i skuleåret + sette datoar (veiledande)</p>	<p>2 møter før jul og 2 møter etter jul.</p> <p>Neste møte er: 9. januar 2025 klokka 17.30</p>

Andre saker / saker til kommande møte?		
Kl.	Klassekontakt (1. vara til FAU)	Klassekontakt (2. vara til FAU)
8a	Bent Flattum	Ailin Skårland
8b	Tina Marie Jåtten	Anlaug Bjørgo Risa
9a	Marianne Hauge	Nina Dyngeland
9b	Liva Garborg Lee	Tone Håland
10a	Emil Høyland	Heidi Bjerre
10b	Hege Risa	Cynthia S. Henriksen